Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmesteren for Svalbard

Tøm skjema

# Søknad om driftskonsesjon
## i henhold til mineralloven § 43

**Skjemaet med vedlegg sendes til:**

Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmesteren for Svalbard
Postboks 3021 Lade
7441 Trondheim

E-post: mail@dirmin.no
Telefon Sentralbord: (+47) 73 90 40 50
Hjemmeside: http://www.dirmin.no

**LES VEILEDNINGEN FØR DU FYLLER UT SKJEMAET**

### 1. Opplysninger om søker

| Fullstendig navn/firma | | | | Organisasjonsnummer |
|---|---|---|---|---|
| Einar Mosebakken | | | | 970 034 927 |
| Postadresse | | Postnummer | Sted | Land |
| Skottlivegen 409 | | 2680 | VÅGÅ | Norge |
| Telefonnummer | Mobiltelefon | E-postadresse | | Hjemmeside |
| 90 09 86 01 | 90 09 86 01 | einarmosebakken@gmail.com | | |

### 2. Opplysninger om området

| Navn på uttaksområdet/uttaket | Uttaksområdets gårds- og bruksnummer | Kommune |
|---|---|---|
| Åsstad masseuttak | 147/6 | Vågå |
| Størrelse på omsøkt areal (daa) | Anslag totalvolum uttak ($m^3$) | Forventet årlig uttak ($m^3$) |
| 20,7 | 100 000 | 15 000 |

### 3. Opplysninger om forekomsten

3.1. Hvilken mineralkategori tilhører forekomsten?
- [x] Grunneiers mineraler
- [ ] Statens mineraler

3.2. Drives det på forekomsten i dag? Ja (●) Nei (○)

3.3. Beskrivelse av forekomsten (type mineralforekomst, kvalitetsvurdering, anvendelser av råstoffet):

Morenemasse prega av usortert materiale med innhald som varierar mellom silt/leire og stein/blokk. Forekomsten er ikkje registrert i gru- og pukkbasen. Prøveuttak av 1500 m3 masse er gjort i perioda 2012 - d.d. og forekomsten er funne drivverdig for uttak av sand og grus, samt uttak av masse for knusing og produksjon av ulik fraksjonsstorleig. Massene vil bli brukt til veggrus og leveransar til bygg/anlegg.

## 4. Forholdet til plan- og bygningsloven (pbl.)

4.1. Angi hvilket arealformål området har i kommuneplanens arealdel LNF

4.2. Finnes det en godkjent reguleringsplan for området det søkes om konsesjon? Ja (●) Nei ( )

**Hvis ja**, oppgi navn på planen og vedtaksdato:

Navn på plan: Åsstad masseuttak

Vedtaksdato: 16.12.2014

**Hvis nei:**

Er det varslet oppstart av reguleringsplanarbeid for området? Ja ( ) Nei ( )

Er det gitt andre tillatelser etter pbl. for terrenginngrep i omsøkt område? Opplys om hvilke

__________________________________________________________________

__________________________________________________________________

## 5. Vedlegg til søknaden

***Med søknaden skal alltid vedlegges:***

5.1. Dokumentasjon på utvinningsrett til forekomsten

- For grunneiers mineraler: Kopi av signert leieavtale om uttak med grunneier, eller dokumentasjon på grunnbokshjemmel
- For statens mineraler: Oppgi rettighetsnummeret(ene)

5.2. Kart der omsøkt område hvor det foreligger utvinningsrett er tydelig inntegnet i målestokk 1:1000-/1:2000.

5.3. Gi en kort firmapresentasjon.

5.4. Redegjørelse for den kompetanse selskapet har for driften av det planlagte uttaket. Gi en oversikt over bergfaglig og annen teknisk kompetanse i organisasjonen.

5.5. Forslag til driftsplan, inkludert avslutningsplan. Driftsplanen skal være i samsvar med DMFs krav til driftsplaner.

5.6. Oversikt over økonomiske forhold:

5.6.1. For uttak som allerede er i drift:
- Godkjent årsregnskap for de siste to år

5.6.2. For nye uttak, eller tidligere uttak med nytt driftsselskap:
- Driftsbudsjett for det omsøkte uttaket for de 3 første driftsår

5.7. Vurdering av behovet for at det stilles økonomisk sikkerhet for gjennomføring av sikrings- og oppryddingstiltak, herunder forslag til form for og størrelse på sikkerheten.

5.8. Adresseliste over særlig berørte parter (nærmeste naboer, eller brukere av området).

5.9. Dokumentasjon på at behandlingsgebyret er betalt.

Kontonummer for innbetaling: 7694.05.05883

Gebyret er kr. 10.000. Dersom søknaden gjelder uttak som krever konsekvensutredning etter forskrift om konsekvensutredninger (26.juni 2009 nr. 855), er gebyret kr. 20.000.

**Merk innbetalingen** med **Driftskonsesjon, navn på uttaket/uttaksområdet og navn på søker**

**6. Eventuelle tilleggsopplysninger**

*Direktoratet for mineralforvaltning kan kreve flere opplysninger dersom man finner det nødvendig for behandling av søknaden.*

**7. Underskrift**

| Sted og dato | Underskrift |
| --- | --- |
| Vågå 1/7-2015 | Einar Mosebakken. |

nordplan
arkitektur
konstruksjon
landskap

Nordfjordeid
Ålesund
Førde
Vågå

**Vedlegg 5.2**

# Oversiktskart

Søknad om driftskonsesjon i medhald av minerallova § 43
Åsstad masseuttak

**Nordplan AS**
avd. Vågå

Vågå Næringshage
2680 Vågå

Telefon 57 88 55 00
vaga@nordplan.no

NO 948 081 768 MVA
Bankkonto: 3790 05 03459
www.nordplan.no



Teikning 100 - Oversiktskart



## TEIKNFORKLARING

AREALFORMÅL ETTER PBL §12-5

1. BYGG OG ANLEGG
   - MASSEUTTAK
2. SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR
   - VEG
3. GRØNSTRUKTUR
   - VEGETASJONSSKJERM

OMSYNSSONER ETTER PBL §12-6 / §11-8

OMSYNSSONER
- STØY GUL SONE
- RAS- OG SKREDFARE

LINJER
- PLANGRENSE
- FORMÅLSGRENSE
- REGULERT TOMTEGRENSE
- BYGGEGRENSE
- GRENSE FOR FAREOMRÅDE
- GRENSE FOR STØYSONE

PUNKTSYMBOL:
- INN- OG UTKØYRING

KARTGRUNNLAG:
Kilde for basiskart:
Dato for basiskart:
Koordinatsystem: UTM sone 32 / Euref 89
Høgdegrunnlag: NGO1954
Kartmålestokk: 1:1000
Ekvidistanse: 1 meter
Kartblad:
o_"formål": offentleg eigarform
f_"formål": felles eigarform

| FRAMLEGG OG REVISJONAR | dato | sign/kontr |
|---|---|---|
| Framlegg til 1. gongs handsaming i planutvalet | 00.00.00 | ASB |

| SAKSHANDSAMING: | dato/sak | dato/sak | dato/sak |
|---|---|---|---|
| Planutval | | | |
| Off. ettersyn | - | - | - |
| Kommunestyret | | | |

Plantype
Detaljreguleringsplan

Kommune - planområde
Vågå kommune
ÅSSTAD MASSEUTTAK 05152013004

Oppdragsgjevar
Einar Mosebakken

| Prosjektnr.: | Teikningsnr.: | Utarbeidd.: | Rev.: | Målestokk: |
|---|---|---|---|---|
| 13212 | R-001 | 9.4.2014 | | 1:500 (A1) |

nordplan
arkitektur
konstruksjon
landskap

NORDPLAN AS
Vågå Næringshage
2680 Vågå
Tlf.: 57 88 55 00
Fax: 61 21 77 01
Epost: post@nordplan.no
Web: www.nordplan.no

arkitektur
konstruksjon
landskap

Nordfjordeid
Ålesund
Førde
Vågå

**Vedlegg 5.5**

# Forslag til driftsplan

Søknad om driftskonsesjon i medhald av minerallova § 43
Åsstad masseuttak

**Nordplan AS**
avd. Vågå

Vågå Næringshage
2680 Vågå

Telefon 57 88 55 00
vaga@nordplan.no

NO 948 081 768 MVA
Bankkonto: 3790 05 03459
www.nordplan.no

nordplan
- arkitektur
- konstruksjon
- landskap

# Driftsplan

Åsstad masseuttak
v/drivar Einar Mosebakken, Skottlivegen 409, 2680 VÅGÅ
Tlf. 90 03 86 01

30.06.2015

Sign: Einar Mosebakken.



# Innhald

**1 Innleiing 3**
**2 Grunneigarforhold, løyver m.v. 4**
**3 Uttaksareal-, og volum 4**
**4 Uttaks-/driftsplan 5**
4.1 Driftsmetode 5
4.2 Produksjonsmetode/bemanning 5
4.3 Fjerning av vegetasjon 5
4.4 Etappevis utvinning 6
4.4.1 Fase 1 6
4.4.2 Fase 2 6
4.4.3 Fase 3 6
4.5 Drivretning, avslutning 6
4.5.1 Attendeføring til fulldyrka jord 6
4.6 Sikring 6
4.7 Oppfølging og tilsyn 7
4.8 Drenering 7
4.9 Tiltak for å hindre støy/støv til omgjevnader 7
**5 Kart og teikningar 8**

# 1 Innleiing

Masseuttaket er ei vidareføring av eit prøveuttak som det vart gjeve løyve for i 2012. Tiltakshavar ønskjer å vidareføre og utvide uttaket, og starta reguleringsarbeid hausten 2013. Tiltakshavar ønskjer å kunne selje masser og også lagre overskotsmasse i området. Denne driftsplanen beskriv korleis drifta og uttaket i området skal foregå, samt sluttsituasjonen i uttaksområdet.

Området er ikkje tidlegare regulert, men avsett i kommuneplanens arealdel som råstoffutvinning/masseuttak.

Driftsplanen er drivarens reiskap for gjennomføring av uttaket. Planen skal og vera grunnlag for Direktoratet for mineralforvaltning (DMF)s tilsyn i det enkelte uttaksområde og for berekning av økonomiske sikring for gjennomføring av sikringstiltak og oppryddingstiltak, jf. kapittel 2 i forskrift til mineralloven. Driftsplanen skal godkjennast av Direktoratet for mineralforvaltning og skal reviderast kvart femte år eller når det er naudsynt.




*Blå sirkel syner planområdet si lokalisering aust for Vågåmo, på sørsida av Ottaelva. Tilkomst frå Skottlivegen via fylkesveg 436. (Kjelde: Geoinnsyn Vågå kommune.)*

# 2 Grunneigarforhold, løyver m.v.

Masseuttaket er lokalisert på eigedommen 147/6 i Vågå kommune.

Reguleringsplan for Åsstad masseuttak, Plan ID: 05152013004, vedteke 16.12.2014 ligg til grunn for uttaket, og regulerer arealet til masseuttak, veg og vegetasjonsskjerm. Driftstid, føresegner om støv, støy o.a. miljøvilkår og forureiningsforhold er regulert her.

Reguleringsplan for Åsstad masseuttak, (link) til kommunens planregister.

# 3 Uttaksareal-, og volum

På oversiktskartet er tenkt uttak merka. Området som er regulert er 24,4 daa, men sjølve masseuttaket omfattar 20,7 daa.

Høgste kote i uttaksområdet er i dag 405, lågaste er framtidig kote 378 (den søraustlege delen av området blir senka noko). Det har ikkje vore gjennomført boreprøver og det er difor knytt usikkerheit kring kor mykje masser det er mogleg å ta ut. Det er venta at eit årleg uttak kan vera i storleik 5000 m³– 20 000 m³. Eit grovt anslag på samla volum på uttak i fase 1 er opptil 20 000 m³ masse.



Drivar ønskjer å selja masser etter etterspurnad, både til utbygging av vegar og tomter, til dømes i hytteområde, og ved behov for rehabilitering etter naturskader. Etter som det kan vera vanskeleg å forutsjå kor stort behov det er for massar i marknaden frå år til år er det vanskelig å vurdere kor lang tid det vil ta før grusførekomsten er fullt utvunne.

Det har vore teke ut ca. 500 m2 masse i ei prøvedriftsperiode, som er brukt til grusing av lokalveg. Basert på erfaringar frå prøvedrifta har uttaket ein kapasitet på maks 250 $m^3$ per dag, og ein kapasitet per veke på maks 1000 $m^3$, føresett etterspurnad.

# 4 Uttaks-/driftsplan

## 4.1 Driftsmetode



Det skal foregå uttak av sand- og grusmasser, i tillegg til etablering av knuseverk og produksjon av masser av ulike fraksjonar.

Ved uttak av masser blir det nytta tradisjonelle driftsmetodar. Massane blir gravd ut med gravemaskin og hjullaster og grovknust med kjeftknusar før sikting. Stein større enn 120 x120 cm må delast før grovknusing. Deling blir gjort ved pigging. Finknusing av massar føregår i mobilt knuseverk. Ferdige fraksjonar vert lagra i voll langs Skottlivegen. Utkøyring vil skje med lastebil eller traktor m/hengjar etter behov og etterspurnad.

## 4.2 Produksjonsmetode/bemanning

Massen blir hovudsakleg teke ut i ei driftsperiode frå vår til tidleg sommar/ forsommar, og det er i denne perioden på året at drifta vil vera mest intensiv. Uttak og knusing av massane vil skje i sommarhalvåret, medan utkøyring vil skje heile året etter behov. Drivar vil foreta drifta som eit enkeltmannsføretak. Dette betyr at det ikkje vil vera fleire funksjonar i gang samtidig i uttaksområdet.

Maskinell drift med hjullastar og gravemaskin og lastebilar til uttransport er forventa i periodar opp til åtte timar pr. dag. Knuseverk og strømaggregat er forventa i drift 5-6 timer pr. dag ved full produksjon. Desse driftstidene er lagt til grunn for støyvurderingane gjort av COWI AS, og som har vore dimensjonerande for støykrava i reguleringsplan.

## 4.3 Fjerning av vegetasjon

Vegetasjon blir fjerna innanfor eit område tilsvarande eit års uttak av gongen. Tre vert kappa så nær rotsona som mogleg og fjernast frå område som bruksvirke. Busker og kratt og stubbe-/rotstrukturar vert kutta i flis og blanda i vegetasjonsmassane for deponering og til seinare bruk, eller brennes. For å sikre at avreinskingsmassa opprettheld funksjonen som vekstmedium for etterbruk til dyrka jord bør matjordlaget handterast forsiktig med minst mogleg køyreskade, gjentatt høgt marktrykk og så lite områdering/blanding av masselaga som råd.

## 4.4 Etappevis utvinning

Uttak vil bli gjort etter etterspurnad og er difor delt i to fasar. Terrengformasjon med eit flatare parti i retning NV – SØ gjennom uttaksområdet dannar skiljet mellom fasane.

### 4.4.1 Fase 1

Det vidare uttaket er ei fortsetting av eksisterande prøveuttak. I fase 1 vil uttaket arbeide seg innover mot vest og vest-sørvest og oppover fram mot det vestlegaste dyrka arealet på eigedomen. På teikninga merkt R001 er det vist drivretning og tiltak som blir gjennomført i fasen.

Der den første massen blir teke ut blir knuseverket flytta mot sørvest om lag 20 meter frå dagens plassering. Plasseringa av knuseverket vil såleis vera nede i uttaket med uttaksskråningar mot nord, vest og sør. Skråninga mot nord vil danne støyvoll som føresett i støyrapport (COWI).

Det er rekna opp mot 20 000 $m^3$ masse i denne fyrste fasa, med ei driftstid på eitt-tre år.

### 4.4.2 Fase 2

Den andre delen av uttaket skjer frå vest-nordvest, i motsett retning av fase 1. På teikninga merkt R001 er det vist drivretning og tiltak som blir gjennomført i fasen. Uttaket i denne fasa vil ikkje starte opp før ein nærmar seg slutten på dei lagra massane frå fase 1.

Overflata på den austlege delen av den dyrka marka blir teke ned for å jamne ut overgangen mellom uttak og dyrka mark, noko som også er naudsynt når området etter uttak blir sett i stand.

### 4.4.3 Fase 3

Siste del av uttaket skjer helt i sørvestsiden mot eiendommen Gnr/Bnr 148/3 med drivretning mot Sør-Vest. Uttaket i denne fasa vil ikkje starte opp før ein nærmar seg slutten på dei føregåande fasane.

## 4.5 Drivretning, avslutning

Uttaket blir drive fram som vist på teikning R001. Drivretninga snus 180˚ ved igangsetting av fase 2. Når første fase er ferdig utvunne, avsluttast høge skråningsutslag med utjamning og tilførsel av avreinskingsmasse for å tilrettelegge for tidleg reetablering av vegetasjonsdekke. Området brukast i naudsynt utstrekning vidare til mellomlagring, sortering og bearbeiding av masse og for tilkomst for uttransport. Delar av uttaksområdet frå første fase blir i standsatt mens uttaket går i fase 2.

### 4.5.1 Attendeføring til fulldyrka jord

Området i heilskap skal førast attende som landbruksareal. Reguleringsplanen krev at tilsvarande areal fulldyrka mark som er teke ut av drift gjennom uttaket, attendeførast til fulldyrka mar innan første året etter at uttaket er avslutta. Resterande uttaksområde vil i avslutningsfasa vera område for oppfylling av reine overskotsmassar, fram til ein har plassert nok masse til å oppnå tilfredstillande stigningsforhold, tidsangivelse av oppfyllingen er usikker. Når ein har oppnådd største tillatte hellingsgrad 1:7, vil arealet bli istandsett til landbruksformål. Maksimal helling i skråning mot nord er 1:2 når denne er ferdig istandsett. Alle tekniske installasjonar skal fjernast ved avslutning.

## 4.6 Sikring

Det er ikkje sett særskilte krav til sikringstiltak i reguleringsplan. Drivar skal på sjølvstendig grunnlag vurdere tiltak for å avverje fare for utanforståande (folk og husdyr), slik det følgjer av Forskrift om sikkerhet, helse og arbeidsmiljø på bygge- eller anleggsplasser (byggherreforskriften). Aktuelle tiltak er inngjerding av uttaksområda og bom -eller portløysing ved tilkomstvegen.

## 4.7 Oppfølging og tilsyn

Oppfølging og tilsyn av masseuttaket utførast av Direktoratet for mineralforvaltning, eller den DMF delegerer oppgåvene til.

## 4.8 Drenering

For å kunne få ein naturleg avrenning frå framtidig jorde, vil området i sørvest kunne senkast noko, inkludert vegen, som i dag er bratt ned mot bustad på gnr. 148 bnr. 3. Uttak vil ikkje gå lågare enn ny kote 378.

## 4.9 Tiltak for å hindre støy/støv til omgjevnader

Driftstider og tiltak for å hindre støy/støv til omgjevnader er regulert i Reguleringsplan for Åsstad masseuttak, samt i gjeldande forureiningslov m forskrift.

Det vert vist til Forureiningsforskrifta Kap. 30. Forurensninger fra produksjon av pukk, grus, sand og singel

# 5 Kart og teikningar

| | |
|---|---|
| 100 | Oversiktskart |
| 101 | Eigedomsforhold |
| R001 | Driftsplan illustrasjon (A1) |
| T001 | Profilteikningar |
| T002 | Terrengsnitt A og B |
| T003 | Terrengsnitt C |




Teikning 100 - Oversiktskart




Teikning 101 - Eigedomsforhold




## TEIKNFORKLARING

AREALFORMÅL ETTER PBL §12-5

- Etappe 3
- Etappe 2
- Etappe 1
- Veg
- Grøft
- Eksisterande voll/ høgde
- Framtidig voll/ masselagring
- Vegetasjonsskjerm
- Vegetasjonsskjerm

PUNKTSYMBOL:

- Inn- og utkøyring
- Vegetasjon

KARTGRUNNLAG:
Kilde for basiskart:
Dato for basiskart:
Koordinatsystem: UTM sone 32 / Euref 89
Høgdegrunnlag: NGO1954
Kartmålestokk: 1:1000
Ekvidistanse: 1 meter
Kartblad:
o_"formål": offentleg eigarform
f_"formål": felles eigarform

| FRAMLEGG OG REVISJONAR | dato | sign/kontr |
|---|---|---|
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |

| SAKSHANDSAMING: | dato/sak | dato/sak | dato/sak |
|---|---|---|---|
| Planutval | | | |
| Off. ettersyn | - | - | - |
| Kommunestyret | | | |

Plantype
Driftsplan

Kommune - planområde
Vågå kommune
ÅSSTAD MASSEUTTAK 05152013004

Oppdragsgjevar
Einar Mosebakken

nordplan
arkitektur
konstruksjon
landskap

| Prosjektnr.: | Teikningsnr.: | Utarbeidd.: | Rev.: | Målestokk: |
|---|---|---|---|---|
| 13212 | R-001 | 26.06.15 | | 1:500 (A1) |

NORDPLAN AS
Vågå Næringshage
2680 Vågå
Tlf.: 57 88 55 00
Fax: 61 21 77 01
Epost: post@nordplan.no
Web: www.nordplan.no




# ASSIDA MASSEUTTAK

## Plan ferdigstil terreng

Oppdragsgjevar
Einar Mosebakken

| Prosjektnr.: | Teikningsnr.: | Utarbeidd.: | Rev.: | Målestokk: |
|---|---|---|---|---|
| 13212 | T-001 | 22.4.2014 | | 1:500 (A3) |

nordplan
arkitektur
konstruksjon
landskap

NORDPLAN AS
Vågå Nyringshage
2680 Vågå
Tlf.: 57 88 55 00
Fax: 61 21 77 01
Epost: post@nordplan.no
Web: www.nordplan.no







Terrengsnitt viser eksisterende terreng, maks uttak og ferdigstilt terreng.

# ÅSSTAD MASSEUTTAK

## Terrengsnitt

Oppdragsgjevar
Einar Mosebakken

| Prosjektnr.: | Teikningsnr.: | Utarbeidd: | Rev.: | Målestokk: |
|---|---|---|---|---|
| 13212 | T-002 | 22.4.2014 | | 1:500 (A3) |

**nordplan**
- arkitektur
- konstruksjon
- landskap

NORDPLAN AS
Vågå Næringshage
2680 Vågå
Tlf.: 57 88 55 00
Fax: 61 21 77 01
Epost: post@nordplan.no
Web: www.nordplan.no




Terrengsnitt viser eksisterende terreng, maks uttak og ferdigstilt terreng.

# ÅSSTAD MASSEUTTAK

## Terrengsnitt

Oppdragsgjevar
Einar Mosebakken

| Prosjektnr.: | Teikningsnr.: | Utarbeidd.: | Rev.: | Målestokk: |
|---|---|---|---|---|
| 13212 | T-003 | 22.4.2014 | | 1:500 (A3) |


nordplan
arkitektur
konstruksjon
landskap

NORDPLAN AS
Vågå Næringshage
2680 Vågå

Tlf.: 57 88 55 00
Fax: 61 21 77 01
Epost: post@nordplan.no
Web: www.nordplan.no




# TEIKNFORKLARING

AREALFORMÅL ETTER PBL §12-5

1. BYGG OG ANLEGG
   - MASSEUTTAK
2. SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR
   - VEG
3. GRØNSTRUKTUR
   - VEGETASJONSSKJERM

OMSYNSSONER ETTER PBL §12-6 / §11-8

OMSYNSSONER
- STØY GUL SONE
- RAS- OG SKREDFARE

LINJER
- PLANGRENSE
- FORMÅLSGRENSE
- REGULERT TOMTEGRENSE
- BYGGEGRENSE
- GRENSE FOR FAREOMRÅDE
- GRENSE FOR STØYSONE
- REGULERT STØYSKJERM

PUNKTSYMBOL:
- INN- OG UTKØYRING

KARTGRUNNLAG:
Kilde for basiskart:
Dato for basiskart:
Koordinatsystem: UTM sone 32 / Euref 89
Høgdegrunnlag: NGO1954
Kartmålestokk: 1:1000
Ekvidistanse: 1 meter
Kartblad:
o_"formål": offentleg eigarform
f_"formål": felles eigarform

0 20 40 60 80 100
Horisontal skala 1 : 500

| FRAMLEGG OG REVISJONAR | dato | sign/kontr |
|---|---|---|
| Framlegg til 1. gongs handsaming i planutvalet | 7.5.2014 | ASB |

| SAKSHANDSAMING: | dato | sak |
|---|---|---|
| Kunngjering av igangsetting av planarbeidet | 20.09.2013 | |
| 1. gongs behandling i Formannskapet | 05.06.2014 | 42/14 |
| Lagt ut til offentleg ettersyn frå 10.06.2014 til 07.08.2014 | | |
| 2. gongs behandling i Formannskapet | 04.11.2014 | 85/14 |
| Godkjent av Vågå kommunestyre | 16.12.2014 | 67/14 |

Plantype
Detaljreguleringsplan

Kommune - planområde
Vågå kommune
ÅSSTAD MASSEUTTAK 05152013004

Oppdragsgjevar
Einar Mosebakken

nordplan
arkitektur
konstruksjon
landskap

| Prosjektnr.: | Teikningsnr.: | Utarbeidd.: | Rev.: | Målestokk: |
|---|---|---|---|---|
| 13212 | R-001 | 7.5.2014 | | 1:500 (A1) |

NORDPLAN AS
Vågå Næringshage
2680 Vågå
Tlf.: 57 88 55 00
Fax: 61 21 77 01
Epost: post@nordplan.no
Web: www.nordplan.no

# FØRESEGNER

# Detaljregulering for Åsstad masseuttak

| Behandling | Dato | Sak |
|---|---|---|
| Kunngjering av igangsetting av planarbeid | 20.09.2013 | |
| 1. gongs behandling i Formannskapet | 05.06.2014 | 42/14 |
| Lagt ut til offentleg ettersyn frå 10.06.2014 til 07.08.2014 | | |
| 2. gongs behandling i Formannskapet | 04.11.2014 | 85/14 |
| Godkjent av Vågå kommunestyre | 16.12.2014 | 67/14 |

## 1. GENERELT

Desse føresegnene gjeld for området innanfor plangrensa på plankartet. Utbygging av området skal skje i samsvar med plankartet og føresegner.

Føresegnene kjem i tillegg til det som vert bestemt i plan- og bygningslova med forskrifter.

Etter at plankartet med desse føresegner er vedtekne, er det i planområdet ikkje tillate å inngå privatrettslege avtalar i strid med reguleringsføresegnene. Det regulerte området er synt med plangrense på plankart i målestokk 1:500.

## 2. REGULERINGSFØREMÅL

Området er regulert til følgjande føremål:

**BYGG OG ANLEGG (PBL § 12.5 NR.1 )**

- Masseuttak

**SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL §12.5 NR.2)**

- Veg
- Annan veggrunn tekniske anlegg

**GRØNTSTRUKTUR (PBL §12.5 NR.3)**

- Vegetasjonsskjerm

**OMSYNSSONER (PBL §12.6)**

- Faresone snøskred
- Støysone

c:\users\515rost\appdata\local\microsoft\windows\temporary internet

# 3. FELLES FØRESEGNER

### Automatisk freda kulturminne

Dersom det ved tiltak i marka blir funne automatisk freda kulturminne, skal arbeidet umiddelbart stansast i den grad det rører ved kulturminna eller sikringssona kring dei på fem meter, jf. kulturminnelova § 8. Melding skal snarast sendast til kulturminnestyresmaktene i Oppland fylkeskommune for at desse skal kunne kome på synfaring og ta stilling til om tiltaket kan halde fram og eventuelt vilkåra for dette.

### Trafikktryggleik

Verksemd i tilknyting til masseuttaket skal ikkje vera til hinder for framkomst på Skottlivegen.

### Drift i uttaket

Direktoratet for mineralforvaltning skal kontrollere at drift og avslutning i uttaket skjer i samsvar med godkjend driftsplan.

# 4. REKKEFØLGJEKRAV

### Driftsplan

Før reguleringsplanen kan vedtakast skal det utarbeidast og godkjennast ein driftsplan for masseuttaket. Driftsplanen skal omtale driftstid og –periodar, maskiner og utstyr som blir brukt i verksemda, fasane i uttaket og naudsynte sikringstiltak. Driftsplanen skal godkjennast av Direktoratet for mineralforvaltning, og skal normalt oppdaterast kvart femte år eller etter nærare avtale med Direktoratet for mineralforvaltning.

### Støyreduserande tiltak

Støy skal reduserast og støyskjerming skal skje ved at knuseverk blir plassert i botn av uttaket med skråningar (attståande masse) mot nord og aust. Knuseverket skal få si framtidige plassering så snart det er teke ut tilstrekkeleg masse, og vil stå om lag 55 meter aust for Skottlivegen.

### Forureina masser

Dersom det ved arbeid i grunnen blir oppdaga forureina masser, er tiltakshavar ansvarleg for varsling til Vågå kommune, og for forskriftsmessig handsaming av forureina masser.

### Turstig

Turstig som i dag går gjennom planområde skal leggast om før uttaket av masser fortset. Når uttaket er ferdig, skal tiltakshavar så snart som mogleg attendeføre stigen, og så snart området er tilstrekkeleg istandsett til at dette er gjennomførleg.

# 5. BYGG OG ANLEGG

### Masseuttak

a) M1 er regulert til masseuttak. Området kan nyttast til uttak av massar, knusing, sortering og pigging av større stein. Det kan etablerast midlertidige bygg og andre anlegg som er

naudsynte for drifta. Innafor området kan det settast av areal til lagring av overskotsmasse, også tilkøyrd masse. Nedste kote for uttak er 378.

b) Støyande verksemd skal utførast berre i tidsrommet måndag til fredag klokka 7-19. Det skal ikkje takast ut massar, knusast, piggast eller sorterast i helger og på heilagdagar. Transport kan skje utanom desse periodane.

Støy blir vurdert etter gjeldande støyretningslinene, jf. rettleiar T-1442 «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging». Støy frå verksemda i masseuttaket skal ved utandørs opphaldsområde ved bustader/fritidsbustader, eller utanfor rom med støykjensleg bruk, i eit representativt driftsdøgn, ikkje overskride grenseverdiane i rettleiaren: Utan impulslyd Lden=55dB, Med Impulslyd Lden=50 dB

Ved vegbrot eller liknande særskilde tilhøve der viktige samfunnsfunksjonar blir råka og det difor blir naudsynt med stein- og grusmaterialar, er det tillate med produksjon, opplasting og transport av produkt også utanom desse periodane. Kommunen skal godkjenne slik ekstraordinær drift og rammene for den før slik drift kan ta til. Det skal vidare gjerast ei vurdering av om tiltakshavar skal varsle naboar. Støykrava i kap. 30 i forureiningsforskrifta gjeld for all drift.

c) Eksisterande høgde langs Skottlivegen aust for bustaden på gnr. 148 bnr. 3 skal ikkje takast ned før uttaket er ferdig og området skal settast i stand for oppdyrking.

d) Det skal utarbeidast driftsplan for uttaket som skal godkjennast av Direktoratet for mineralforvaltning. Drifta i uttaket skal skje i tråd med denne.

e) Støyskjerming er synt i plankartet i tilknyting til plassering av knuseverk, og består av skråning mot nord og aust som følgje av uttak av massar. Dersom uttaket gjer at skråninga ikkje lenger er tilstrekkeleg som støyskjerming, skal det etablerast støyvoll i tråd med støyrapport med minimum 4 meters høgde og nærast råd til knuseverket.

f) Byggegrense er synt i plankartet og er 4 meter frå grense til naboeigedomen gnr. 148 bnr. 3. Mot naboeigedom mot nord er det lagt vegetasjonsskjerm med breidde på 4 meter.

g) I uttaket skal avsluttande skråningar mellom uttaksgrense og drivkant ikkje overstige 1:2.

h) Eventuell matjord og humuslag skal lagrast for seinare bruk i istandsettinga etter endt uttak.

i) Ved tilhøve der det er fare for støvflukt skal det utførast støvdempande tiltak for å redusere dette. Støvflukt frå anlegget skal avgrensast ved at ikkje meir masser enn naudsynt blir avdekka. Tiltak for støvflukt skal settast i verk umiddelbart dersom det oppstår støvflukt frå anlegget som er til skade og sjenanse for vegtrafikk og naboar.

j) Uttaksområdet skal til kvar tid vera forsvarleg sikra mot folk og dyr. Dersom det er naudsynt skal ein sikre med gjerde.

k) Når drifta i uttaket er over skal området settast i stand og attendeførast til LNFR. Området som er oppdyrka og som blir råka av uttaket, skal attendeførast til dyrka mark. Slik istandsetting skal skje innan eit år etter at uttaket er ferdig.

Ved istandsetting skal lagra masser frå avflekking av massetaket leggast øvst og det skal leggast til rette for at vegetasjon kan etablere seg igjen. Om nødvendig kan det i underliggande lag tilførast reine eksterne masser. For dei delar av området som ikkje skal attendeførast til dyrkamark, vil tilrettelegging for etablering av skog enten ved naturleg foryngning eller planting, inngå i istandsetting til LNF-formål.

l) I anleggsfasa skal turveg som i dag går gjennom uttaksområdet og over dyrka mark leggast om og merkast. Etter i standsetting skal tidlegare turveg settast i stand og tilbakeførast til

dagens trase.

# 6. SAMFERDELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

### Vegar

a) V1 syner Skottlivegen. Skottlivegen er tilkomstveg for bustadar langs vegen. Verksemd i masseuttaket skal ikkje vera til hinder for ferdsel langs vegen.

b) V2 syner areal som kan nyttast til midlertidig omlegging av Skottlivegen.

c) Pil syner tilkomstveg til masseuttaket.

# 7. GRØNTSTRUKTUR

### Vegetasjonsskjerm

a) Område VS1-VS3 er sett av til vegetasjonsskjerm som skal fungere som skjerming mot tilstøytande areal. Vegetasjon skal her oppretthaldast.

# 8. OMSYNSSONER

### Faresone – snøskred

H310_1 syner potensielt utløpsområde for snøskred. Det skal ikkje settast opp bygg for varig opphald innafor omsynssona.

### Faresone – støy

H220_1 syner område utsett for støy, gul sone, frå riksveg 15.